



Etter plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla at Statens vegvesen og vegeigar Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Meland kommune startar arbeid med *Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244*, plan ID 1256 2017 0003. Planen skal leggje til rette for oppgradering av Frekhaugkrysset til rundkøyring med tilgrensande areal, samt etablering av gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 på strekninga frå Frekhaug sentrum til og med kryss mot Sagstad skule. Kollektivløysingar i planområdet vil òg verte vurdert. Planområdet er på ca.191 dekar. Dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart (grunneigarar, rettshavarar, naboar, styresmakter m.m.) får dette som eige brev. Tiltaket er vurdert å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing i samsvar med plan og bygningslova §§ 4-1 og 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing.

Planarbeidet skal i tillegg til permanente vegtiltak òg vurdera midlertidige rigg- og anleggsområde langsmed fylkesvegane. Plangrensa til dette oppstartsvarselet er difor ein del større enn venta tiltaksområde og vil verte redusert undervegs i planarbeidet.

Merknadsfrist er sett til **25. oktober 2017**.

Eventuelle merknader eller opplysningar som bør leggjast til grunn for planlegginga, skal sendast til:
Multiconsult Norge AS v/Christine R. Nilsen, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun eller på e-post:
christine.nilsen@multiconsult.no.

Informasjon ligg òg ute på: <http://www.meland.kommune.no/kunngjeringar>
<http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/>

Spørsmål til oppstartsvarselet kan rettast til Multiconsult Norge AS v/ Christine R. Nilsen, tlf. 55 62 33 18 eller til prosjekteigar Statens vegvesen sin representant Eva-Beate R. Torsvik på tlf. 55 51 67 19.